



Kenneth Stensletten bygger sjølv i Ospelunden

**Situasjonen i Uskedalens største bustadfelt Ospelunden må no karakteriserast som lovande, I området der dei 5 tomannsbustadane skal reisast har dei kome langt på stutt tid og no er betongarbeid igang. Snikkarane kjem og tek fatt like over nyttår opplyser Oddbjørn Kroka. Han har så langt seld 6 einingar og håper at dei 4 siste også vert selde om ikkje så lenge.**

- Det er i alle fall mange interesserte, fortel han.

Når det så gjeld einebustadane har det første huset teke til å reise seg. Det er huset til Kenneth Stensletten som bygger sjølv. I nærleiken er grunnarbeid igang for huset til Geir I. Koløy men fleire einebustadprosjekt er det ikkje - førebels.

Når det gjeld eit anna stort bustadprosjekt - øvre og nedre del av Halsabrotet - avheng mykje av kommunen sin framdrift med omsyn til utvida kapasitet på leidningane. Men utålmodige husbyggjarar håper på snarleg framdrift også i dette området. Det skal vera fleire som er interesserte i øvre del.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen